

Årsrapport 2014



Innhald

Del I. Melding frå leiaren	3
Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal	5
Organisasjon Nasjonalbiblioteket	5
Oppgåvene og rollene til Nasjonalbiblioteket	6
Ressursane og ressursbruken til Nasjonalbiblioteket	6
Del III. Aktivitetar og resultat	7
Samlingsutvikling	7
Formidling	8
Bibliotekutvikling	8
Resultat	9
Del IV. Styring og kontroll i verksemda	10
Del V. Vurdering av framtidsutsikter	13
Del VI. Årsrekneskap	14
Leiingskommentarar årsrekneskap 2014	14
Formål	14
Stadfesting	14
Vurdering av vesentlege forhold	14
Tilleggsopplysningar	15
Prinsippnote til årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket	16

Del I. Melding frå leiaren

Det viktigaste arbeidet Nasjonalbiblioteket har gjort i 2014, er ikkje målbart verken i denne årsrapporten eller andre dokument som blir produserte i samtida. Det viktigaste vi har gjort i 2014, er det ettertida som dreg nytte av og kan verdsetje. Hovudaktiviteten til Nasjonalbiblioteket er å sikre minnet til landet gjennom å lagre og bevare pliktavlevert materiale, konservere, systematisere og digitalisere historisk materiale og sørge for ein kontinuerleg tilvekst til samlinga. Kunnskapen fagfolka våre har om samlinga, er ein integrert del av dette arbeidet. I dei fysiske og digitale sikringsmagasina våre finst alt publisert materiale frå landslova til Magnus Lagabøte via bokskatten, dei første fotoa til kringkastingshistoria og Internett. Gjennom å sikre, bevare og gjere dette materialet tilgjengeleg sikrar Nasjonalbiblioteket samtida sitt behov for historisk kunnskap og kontekst, og i tillegg sørger vi for at dei som kjem etter oss, får høve til å knyte livet sitt og identiteten sin til fortida. Det er ein samfunnsverdi som ikkje lèt seg kvantifisere.

Ei anna viktig side ved verksemda vår – rolla som infrastruktur og utviklar for folke- og fagbibliotek – er tett knytt til nasjonalbibliotekoppgåvene. Gjennom pliktavlevering, nasjonalbibliografien, det digitale biblioteket og formidlingsprosjekt som forfattarjubileum og plakatutstillingar blir dei to funksjonane limte saman. I 2014 har vi sett ei veksande interesse for og innstrømning til depotbiblioteket i samband med satsinga på å utvikle møteplass- og arenabibliotek rundt om i landet. Den utviklinga har Nasjonalbiblioteket òg støtta opp om gjennom tildelinga av utviklingsmidlar. Vi opplever at den innbyrdes forståinga og samhandlinga mellom biblioteksektoren og Nasjonalbiblioteket er stadig betre, både gjennom felles praksisar og koordinering av lokale og nasjonale aktivitetar.

Gjennom eit tiår har Nasjonalbiblioteket jobba systematisk ut frå tanken om at heile samlinga må finnast på nettet, der samtida søker etter kunnskapsressursar. Strategien baserer seg på at det er volumet på det digitalt tilgjengelege materialet, ikkje rekkjefølgja vi digitaliserer i, som er nøkkelen. I 2014 har vi passert 2,5 millionar digitale objekt, og vi registrerer ein raskt veksande bruk av det digitale biblioteket. Bokhylla, som har vore eit nasjonalt og internasjonalt pionerprosjekt, får stadig fleire brukarar, og ikkje minst merkar vi ei større forståing for korleis ho kan brukast. Dei digitale produksjonsløypene blir kontinuerleg oppdaterte og effektiviserte. Sidan vi er den einaste aktøren i Noreg som driv digitalisering i ein slik skala, hentar vi innspel og ressursar internasjonalt. Vi bidreg med erfaringsoverføring og innspel til søsterinstitusjonar både i Europa og USA, men vi haustar òg av erfaringane andre gjer, for å sikre at vi alltid digitaliserer med den best tilgjengelege teknologien og i dei minst ressurskrevjande produksjonsløypene. Gjennom kontinuerleg omprioritering av ressursar innanfor eigne driftsrammer frå det analoge til det digitale er vi i stand til å stadig auke innstrømmen til det digitale biblioteket.

Nasjonalbiblioteket si rolle som fysisk og digitalt magasin blir stadig meir kjend, og Nasjonalbiblioteket er ein stadig meir brukt sikringsressurs. Det er i tråd med måla som har vore sette for bibliotekpolitikken i Noreg heilt frå Nasjonalbiblioteket blei oppretta i Rana i 1989. No, 25 år etter, ser vi til fulle effekten av denne tankegangen, for både folkebibliotek, universitetsbibliotek, store kunst- og kulturinstitusjonar og private aktørar kontaktar oss for å bruke ekspertisen vår og magasina våre til å sikre innhaldet sitt. Stordriftsfordelane sparar den norske staten og det norske samfunnet for store ressursar. Det gir store

effektiviseringsgevinster, men vi ser òg at det fyller opp magasinane til Nasjonalbiblioteket, både fysisk og digitalt. I 2014 stod skalet til det nye automatlageret i Rana ferdig, og samtidig som sikringsmagasinet i fjellet er i ferd med å bli fylt opp ved utgangen av 2014, opplever vi at det er mogleg å begynne å hauste av det digitaliseringsprosjektet har sådd, i form av formidling, tenesteutvikling og infrastruktur på nett. Volumet vårt er no så stort at det legg grunnlaget for både breidd og djupn i tenestene frå oss og andre. Vi ser òg at vi no er i slutfasen i overgangen mellom det analoge og det digitale i infrastrukturen vi tilbyr fag- og folkebiblioteka. Vi har i 2014 sett i gang med å teste eit nytt felles biblioteksøk, og i 2015 og 2016 vil vi kunne lansere ein heilt ferdig og einskapleg nasjonal struktur for metadata, autoritetar og kunnskapsattfinning.

Denne årsrapporten vil vise at Nasjonalbiblioteket i 2014 har hatt god ressursstyring, og at institusjonen fyller samfunnsoppdraget som tilretteleggjar for ei demokratisk digital offentlegheit med forankring i den nasjonale kulturarven.

I 2015 ønskjer vi å halde fram dette arbeidet gjennom to overskrifter. Formidlinga vil bli samla under målsetjinga «Nasjonalbibliotek for fem millionar», mens bibliotekutviklinga slik ho blir forma i den nye bibliotekstrategien, handlar om å forme ideen om bibliotek for heile det 21. hundreåret.

Oslo, 15.03.2015

Aslak Sira Myhre
direktør
Nasjonalbiblioteket


Del II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan under Kulturdepartementet. Mandatet til Nasjonalbiblioteket er forankra i lov om pliktavlevering. I kraft av mandatet er Nasjonalbiblioteket ein viktig del av minnet til nasjonen ved at det samlar inn, registrerer for attfinning, bevarer og formidlar alt som blir publisert i Noreg. I tillegg har Nasjonalbiblioteket ansvaret for å utvikle ein nasjonal bibliotekpolitikk og skal gjennom arbeidet sitt bidra til at norske bibliotek blir utvikla til offentlege møtestader og debattarenaer i tråd med formålsparagrafen i biblioteklova. Nasjonalbiblioteket er òg infrastruktur for norske bibliotek gjennom tenester som utvikling og vedlikehald av bibliografiske standardar, nasjonalbibliografiar, depotbibliotek og felles biblioteksøk. Nasjonalbiblioteket er og forskingsinfrastruktur og har ansvaret for ei norsk språkbankteneste til bruk i forskning og næringsverksemd.

Nasjonalbiblioteket er lokalisert på Solli Plass i Oslo og i Mo i Rana. Til saman er det 421 tilsette fordelt på 399 årsverk. Det er om lag like mange tilsette i Oslo og Rana.

Nasjonalbiblioteket er delt inn i tre store fagavdelingar med 100–130 tilsette og fire stabsavdelingar med 6–15 tilsette.

Organisasjon Nasjonalbiblioteket



Oppgåvene og rollene til Nasjonalbiblioteket



Ressursane og ressursbruken til Nasjonalbiblioteket

Nøkkeltal frå årsrekneskapan	2012	2013	2014
Årsverk	375,5	382,4	399,4
Tildeling post 01–29	414,9	430,3	449,8
Utnyttingsgrad post 01–29	97,1 %	97,8 %	97,7 %
Lønnsdel	47,8 %	48,0 %	48,2 %
Lønnsutgifter per årsverk	528 362	540 533	542 814
Tildeling post 77	12,5	16,9	27,6
Tildeling post 78			5
Tildeling post 80	48,3	49,8	52,6

Detaljar som gjeld rekneskapsåret, finst i del VI i rapporten.

Utvalde nøkkeltal frå verksemda	2012	2013	2014
Besøk			
Besøktal i Henrik Ibsens gt. 110	188 591	187 617	176 886
Besøk på nb.no (det digitale biblioteket)	1 050 000	2 700 000	4 088 000
Innhald i eit utval digitale tenester			
Bøker tilgjengelege i Bokhylla-avtalen	104 000	137 000	169 000
Aviser tilgjengelege i alle norske bibliotek	224 000	579 000	770 000
Utvalde produksjonstal frå digitaliseringsprogrammet			
Bøker – sider	7 900 000	137 000	169 000
Aviser	4 600 000	3 200 000	3 700 000
Foto	52 000	52 000	40 000
Tidsskrift – sider			500 000
Lyd frå trua format – einingar	3 600	3 800	4 300
Musikkarv – notemanuskript	93 000	56 000	41 000

Del III. Aktivitetar og resultat

Samlingsutvikling

Det blei pliktavlevert om lag like mykje materiale i 2014 som i 2013. Unntaket har vore innhausting av norske nettdomene og radiomaterialmottak. Talet på innhausta nettdomene er auka frå 600 til 1200 i 2014. I tillegg har det i 2014 vore gjennomført månadlege djupneinnhaustingar, noko som har ført mange fleire innhausta nettdokument. Statlege og kommunale organ i tillegg til nettaviser og andre nettmedium er godt representerte i innhaustinga i dag. Det same gjeld politiske parti og ungdomsorganisasjonane deira. Auken av pliktavlevert radiomateriale kjem av at det seint i 2013 og tidleg i 2014 kom fire nye radiokanalar, slik at det ved utgangen av 2014 blei levert innhald frå ti kanalar.

I 2014 blei det gjort fleire innkjøp for å supplere samlinga. Av kjøpa vil vi spesielt framheve ei samling med historiske prospekt og plansjeverk frå perioden 1750–1880, ei samling utanlandske plateutgivingar med songar av Prøysen og brev frå Wergeland, Ibsen, Bjørnson, Kielland, Skredsvig, Backer, Garborg, Hamsun, Nansen og Bjørneboe.

Nasjonalbiblioteket har i 2014 fått mange privatarkiv i gåve frå institusjonar og privatpersonar, mellom anna arkivet til Det norske teatret, arkiv etter målaren Henrik Sørensen, skodespelaren Henki Kolstad, komponisten Knut Nystedt og artisten Joachim Nielsen i tillegg til flyfotosamlingar frå 143 norske kommunar og film- og videoproduksjonar frå Nordnorsk filmsenter.

Nasjonalbiblioteket har gjennom 2014 sikra at den norske offentlegheita frå dette året, anten ho har vore publisert i tekst, lyd, bilete eller kombinasjonar av dette, er tilgjengeleg for ettertida. Samtidig har det offentleg tilgjengelege minnet til nasjonen blitt utvida gjennom tetting av lakunar, restaurering av utilgjengeleg materiale og katalogisering og systematisering av samlingar. Til saman har Nasjonalbiblioteket i 2014 stått for ein vesentleg tilvekst til kunnskapen om Noreg.

Samlingsstorleik per 31.12.2014:

Materialtype	Digital tilvekst	Digital bestand	Analog bestand	Eining
Aviser	191 346	822 327	5 501 740	Hefte
Bilete	39 851	703 181	2 035 832	Tal
Bøker	53 878	402 275	2 761 835	Bind
Handskrifter og notemanuskript	124 529	491 589	>16 000 000	Sider
Film	1 567	10 771	337 319	Rull/kassett
Kart	-	-	59 138	Tal
Musikk/lydopptak	4 316	27 168	204 614	Band, plater o.l.
Notetrykk	-	-	78 784	Tal
Plakatar	1 608	11 572	122 094	Tal
Postkort	-	-	263 014	Tal
Radio	110 293	923 956	1 679 932	Timar
Småtrykk	-	-	2 616 324	Tal
Tidsskrift	2 028	5 141	4 545 179	Hefte
Fjernsyn	97 197	579 795	860 188	Timar

Denne tabellen tel registrert materiale, både norsk og utanlandsk. I tillegg vil det for nokre materialtypar bli talde fleire analoge eksemplar. Totaltala vil derfor ikkje seie noko om kor mange unike titlar Nasjonalbiblioteket eig.

Formidling

Som i dei føregåande seks åra hadde Nasjonalbiblioteket i 2014 ein markant auke i bruken av det digitale biblioteket, nb.no. Besøkstalet på nett auka med 52 prosent frå året før. Bokhylla auka med 32 000 nye titlar i tenesta, og besøkstalet gjekk opp med 45 prosent. I avistenesta, som gir tilgang til historiske avisarkiv i alle norske bibliotek, auka talet på digitale avishefte med 191 000 eksemplar og besøket med 33 prosent.

I samband med grunnlovsjubileet blei stortingsforhandlingane frå 1814 og fram til i dag digitaliserte og gjorde søkbare. Prosjektet var eit samarbeid mellom stortingsarkivet og Nasjonalbiblioteket, og innhaldet er tilgjengeleg i nb.no både gjennom det generelle søket og gjennom inngangen *Statsmaktene*.

Publikumsbesøk på Solli plass til lesesalar, arrangement og utstillingar var 176 000. Det er ein nedgang frå 187 000 året før. Tala for materialutlån og lesesalbruk er stabile. I 2014 blei det produsert to hovudutstillingar: éi i samband med Alf Prøysen-jubileet og éi i samband med grunnlovsjubileet. Til saman var det 110 arrangement på Solli plass. 40 av dei var fagkonferansar, og fire var vitskapelege konferansar.

Nasjonalbiblioteket har bidrege til fem forskingsprosjekt i samarbeid med universitets- og høgskulesektoren, og det er produsert til saman 25 vitskapelege artklar i eigne og andre sine publikasjonar.

Publikasjonar

Nota Bene: tre utgivingar

NB21: to utgivingar

Bibliotheca Nova: fire utgivingar

I 2014 var det 3802 oppslag i pressa om Nasjonalbiblioteket, mot 2171 i 2013.

Nasjonalbiblioteket sitt arbeid med å formidle samlingane, frå forskning til digitale tenester, har i 2014 nådd ut til vesentlege delar av befolkninga. Gjennom Bokhylla og dei andre digitale tenestene stiller Nasjonalbiblioteket seg i front for arbeidet med å gjere kultur, kjeldemateriale og offentlegheitshistoria kjende og tilgjengelege for allmenta. Gjennom utstillingar, plakattstillingar og seminar har Nasjonalbiblioteket vareteke staten si rolle som litteraturhistorieforvaltar.

Bibliotekutvikling

1. januar 2014 tok ei revidert lov om folkebibliotek til å gjelde. Det viktigaste elementet i denne er formålsparagrafen, som tek opp rolla folkebiblioteka har i skjeringspunktet mellom det digitale biblioteket og litteratur- og kulturhus, og som peiker på rolla biblioteka har som formidlingsarena. Elles er lova endra slik at kravet om fagutdanna biblioteksjef i § 5 blir vidareført i ei ny form med høve til permanente dispensasjonar.

Nasjonalbiblioteket gav i 2014 elleve dispensasjonar frå § 5 i lov om folkebibliotek, noko som er på linje med tidlegare år.

I juli 2014 presenterte Nasjonalbiblioteket folkebibliotekstatistikken for 2013. Statistikken viste at bokutlånet i norske bibliotek heldt seg stabilt. Det same gjeld depotbiblioteket, der utlånet gjekk opp med 5000 til 185 000 utlån. I 2014 ble det registrert fleire arrangement enn i 2013.

Etter regjeringsskiftet la den nye regjeringa fram ein tilleggsproposisjon til statsbudsjettet med vekt på å utvikle folkebiblioteka som uavhengige møteplassar og arenaer for offentlege samtalar og debattar. Til dette formålet blei det i mars 2014 delt ut 12,1 millionar til 62 ulike prosjekt.

Nasjonalbiblioteket har i 2014 halde fram med å utvikle rolla som infrastruktur for folke- og fagbibliotek, samtidig som veksten i tiltaksmidlar og arbeidet med ny bibliotekstrategi styrkte arbeidet med nasjonal bibliotekpolitikk. Nasjonalbiblioteket er ein viktig pådrivar for utviklinga av digitale bibliotekressursar, både gjennom nasjonale tenester og tilrettelegging for lokale. Rundt 34 millionar av driftsmidlane til Nasjonalbiblioteket gjekk i 2014 til tiltak som direkte rettar seg mot folke- eller fagbibliotek.

Resultat

Nasjonalbiblioteket har i oppdrag å sikre og bevare pliktavlevert materiale og andre samlingar og gjere samlingane og informasjonen om dei tilgjengelege

Indikatorar hovudmål 1	Måltal:	Resultat:	
	2014	2013	2014
Avlevert materiale som er registrert, bevart og gjort tilgjengeleg for brukarane innan seks veker	95 %	95 %	95 %

Nasjonalbiblioteket skal styrkje biblioteka som møtestad og arena for kulturformidling

Indikatorar hovudmål 2	Måltal:	Resultat:	
	2014	2013	2014
Prosentdel av utstillingane til Nasjonalbiblioteket som skal vere lagde til rette for bruk i og bli tilbydde lokale bibliotek	50 %	100 %	100 %

Nasjonalbiblioteket skal fremje utvikling av digitalt innhald og digitale tenester

Indikatorar hovudmål 3	Måltal:	Resultat:	
	2014	2013	2014
Innhaldet i DSM som er gjort tilgjengeleg på nett eller i lokala til Nasjonalbiblioteket fire veker etter digitaliseringa	80 %	100 %	98 %

Del IV. Styring og kontroll i verksemda

Nasjonalbiblioteket nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Nasjonalbiblioteket viser til at den samla måloppnåinga er god, jf. del III.

Nasjonalbiblioteket har over fleire år sett i verk tiltak for å byggje opp eit formålstenleg system for heilskapleg styring og kontroll. Den overordna risikovurderinga som leiinga gjennomfører kvart år, viser at risikobiletet gjennomgåande ikkje er kritisk.

- Nasjonalbiblioteket har gjennom heile året hatt fokus på å setje i verk informasjonstryggleikstiltak i samsvar med plan for sikring av informasjonstryggleik, som blei sendt til departementet og Riksrevisjonen i samband med avslutninga av rekneskapsåret 2013.
- Det er behov for å satse meir på intern kontroll og risikostyring.

Aktiviteten til Nasjonalbiblioteket blir beskriven og målsett i årlege handlingsplanar. Direktøren har gjennom ein kontrollprosess sett i verk desse handlingsplanane. Den årlege gjennomgangen viser at system, rutinar og prosessar i Nasjonalbiblioteket gjennomgåande fungerer godt. Nasjonalbiblioteket har lagt hovudvekt på å kontrollere

- verksemda si evne til å nå fastsette mål i tråd med samfunnsoppdraget (tildelingsbrevet)
- verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk
- verksemda sin risiko sett i samanheng med planverk

Nærmare omtale av forhold knytte til styring og kontroll i Nasjonalbiblioteket

Intern økonomiinstruks og internt disponeringsskriv

Nasjonalbiblioteket gjennomfører årleg detaljerte budsjettgjennomgangar på alle nivå. Føringsane som kjem ved rammetildelinga for det enkelte året, blir implementerte i planar og budsjett. Ved starten på året får den enkelte leiaren (direktøren) ramme og fullmakter i samsvar med budsjett disponeringane som leiinga har bestemt. Det blir gjort i eit internt disponeringsskriv som set ytre rammer, avviksmoell og rapporteringsregime.

Innkjøp

Nasjonalbiblioteket har i driftsåret innført e-handel og KRG (konkurransегjennomføringsverktøy) for å styrkje kvaliteten på innkjøpa og for å sikre at økonomiregelverket i staten blir følgt.

Innføring av standard kontoplan, ny økonomimodell og periodisert rekneskap

Nasjonalbiblioteket implementerte ein ny økonomimodell basert på ny statleg standard kontoplan i 2013. Dei venta effektane av ny statleg rekneskapsstandard kan ikkje realiserast før verktøya har gjennomgått ei kraftig oppgradering, spesielt med tanke på verksemdsstyringsrapportar. Dette er ikkje venta implementert før tidlegast våren 2015. Slik leiinga ser det, gir rekneskapsrapporteringa i dag eit påliteleg nok grunnlag for avgjerder og styring.

Samfunnstryggleik og beredskap

Nasjonalbiblioteket blei ved inngangen av året gradert som skjermingsverdig objekt av NSM. I etterkant av dette har Nasjonalbiblioteket hatt fleire møte med ulike myndigheitsorgan om konsekvensar og tiltak i tilknytning til dette. Ved årsskiftet blir det òg ført ein dialog med KUD om konsekvensar av graderinga.

Forhold departementet har bedt Nasjonalbiblioteket om å fokusere særleg på:

Oppfølging av vesentlege forhold som Riksrevisjonen har peikt på

Nasjonalbiblioteket hadde ein revisjonsgjennomgang av informasjonstryggleiken i 2013. Då blei det avdekt enkelte forhold der tryggleiken ikkje var god nok. Som tilsvar sette Nasjonalbiblioteket i verk strakstiltak og ein tiltakspakke for å korrigere forholda. Riksrevisjonen vurderte tiltakspakken som god nok. Nasjonalbiblioteket har i 2014 følgd opp denne tiltakspakken i samsvar med plan.

Redusere og fjerne tidstjuvar i forvaltinga (fellesføring frå tildelingsbrev)

Som infrastruktur for alle biblioteka i landet gjennom depotbiblioteket har Nasjonalbiblioteket i mange år arbeidd systematisk med å effektivisere denne tenesta. Kjernen i tenesta er det heilautomatiserte depotbiblioteket i Rana og transportordningane, som raskast mogleg skal skaffe bibliotekbrukarane det dei etterspør. I tillegg representerer utviklinga av det digitale Nasjonalbiblioteket mellom anna gjennom bokhylla.no og avistenesta ein forenkla tilgang til litteratur- og kulturarvsmateriale som er unikt i internasjonal samanheng. Gjennom brukarundersøkingar og trafikklogging har Nasjonalbiblioteket fått tilbakemeldingar på at dette både blir sett stor pris på og har generert ein kraftig auke i materialbruken (jf. kapittel 2). Dette arbeidet har vore i gang sidan 2006 og er ein integrert del av det løpande arbeidet til Nasjonalbiblioteket. Utfordringane i dette arbeidet er i første rekkje knytte til opphavsrettsspørsmål. Men ved å bruke kollektive lisensordningar – det viktigaste instrumentet for å effektivisere og i praksis mogleggjere Bokhylla-prosjektet og bilaterale avtalar som avistenesta – er det mogleg å realisere det digitale biblioteket. Visjonen bak dette arbeidet er at så mange som mogleg lett skal få tilgang til den norske kunnskaps- og kulturarven. Hovudutfordringa her er altså ikkje tidstjuvar overfor brukarane, men ønsket om å auke tilgangen på kunnskap og gjere tenestene kjende for fleire potensielle brukarar.

Som ansvarleg utviklar av nasjonal bibliotekpolitikk og forvaltar av utviklingsmidlar vil rolla Nasjonalbiblioteket har som tradisjonelt forvaltingsorgan, verte enda viktigare. Derfor har vi sett i gong ein prosess der vi ser på rutinar og responstider i dialogen med andre institusjonar som vi samhandlar med.

I samband med at verksemdene rapporterer inn interne og forvaltingsmessige tidstjuvar, er innspelet til Nasjonalbiblioteket lagt på eit overordna nivå. Dermed er ikkje forslag som vart vurderte som mindre vesentlege, tekne med. Innspelet til Nasjonalbiblioteket peiker på manglande samspel mellom ulike IKT-støttesystem i staten som det viktigaste området. Eit døme er arkivkrav til dokument, der dokument må dobbeltarkiverast i eit godkjent arkivsystem sjølv om dei alt finst i andre IT-system som er forvalta av ein offentleg etat eller ei offentleg verksemd.

Nasjonalbiblioteket valde å ikkje tematisere «Innkjøp i staten» som tidstjuv, ettersom ordninga er på høyring.

Del V. Vurdering av framtidsutsikter

Nasjonalbiblioteket er godt rusta for vidare drift. Dei fysiske rammene i Mo i Rana og Oslo, dei økonomiske rammene slik dei er gitt over statsbudsjettet i 2015, og samlingskunnskapen og fagkompetansen i staben gjer at vi er i stand til å oppfylle pliktene vi er pålagde gjennom lov om pliktavlevering, biblioteklova og tildelingsbrev frå staten.

Nasjonalbiblioteket planlegg dei neste åra å satse meir på å formidle eigne samlingar, både fysisk og digitalt, og å styrkje arbeidet med å utvikle folkebiblioteka. Denne satsinga vil skje innanfor ramma av bibliotekstrategien til regjeringa, tippemidlane Nasjonalbiblioteket fordeler, og den tildelte ramma til Nasjonalbiblioteket. Nasjonalbiblioteket har teke kontakt med private aktørar for å setje i verk offentleg-privat samarbeid om ei ytterlegare styrking av Nasjonalbiblioteket si formidling av eigne samlingar.

Dersom Nasjonalbiblioteket skal kunne tilby tenester på same nivå som i dag, må den fysiske og digitale lagringskapasiteten byggjast endå meir ut, og det må vere kompensasjon i rammene for å kunne drifte det veksande magasinbehovet.

Del VI. Årsrekneskap

Leiingskommentarar årsrekneskap 2014

Formål

Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan under Kulturdepartementet. Mandatet til Nasjonalbiblioteket er forankra i lov om pliktavlevering. I tillegg har Nasjonalbiblioteket ein del andre oppgåver. Nasjonalbiblioteket har ansvar for å utvikle ein nasjonal bibliotekpolitikk og skal gjennom arbeidet sitt bidra til at norske bibliotek blir utvikla til offentlege møtestader og debattarenaer i tråd med formålsparagrafen i biblioteklova. Nasjonalbiblioteket har òg ansvaret for ei norsk språkbankeneste til bruk i forskning og næringsverksemd.

Nasjonalbiblioteket fører rekneskap etter ny statleg rekneskapsstandard (SRS). Standarden blei innført 01.01.2013. I tillegg blir kontantprinsippet vareteke.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå KUD i instruks om økonomistyring. Eg meiner at rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane og dei rekneskapsførte kostnadene, inntektene, eigdeleane og gjelda til verksemda.

Vurdering av vesentlege forhold

Oppstilling av løyvingrapportering for rekneskapsåret 2014

Løyvingsrapporteringa viser at dei samla løyvingane i 2014 har vore 586,3 millionar kroner. Av desse høyrer 52,6 millionar kroner til post 80 Tilskot til tiltak under Nasjonalbiblioteket, 5 millionar kroner høyrer til post 78 Leksikonstøtte, og 25,3 millionar kroner er investeringar.

Verksemda er tilpassa tildelte løyvingar, og rekneskapsstatusen er følgd opp kontinuerleg med rapportering frå avdelingane og oversikter over interne budsjett Disposisjonar. I samsvar med den periodiserte rekneskapen (sjå resultatoppstillinga og balanseoppstillinga) er resultatet på 1,5 millionar kroner, mot 10,5 millionar kroner i 2013. Endringa kjem av at driftskostnadene har auka meir enn driftsinntektene (auke på høvesvis 6 og 4 prosent). For driftskostnadene er det lønn og sosiale kostnader som har auka mest, sjå spesifikasjon i note 2. Dei samla utbetalingane til tilskot (postane 77, 78 og 80) har auka med 17,1 millionar kroner frå 2013 og var på 83,9 millionar kroner i 2014).

Når det gjeld kontantrekneskapen, har Nasjonalbiblioteket eit totalt mindreforbruk på postane 032601/032677 og 3326 på 11,485 millionar kroner. Desse midlane har ein søkt om å få overføre til 2015.

For postane 78 Leksikonstøtte og 80 Tilskot til tiltak under Nasjonalbiblioteket er heile løyvinga brukt i 2014.

Oppstilling av artskontorrapport for 2014

Artskontorrapporteringa, som er ei oppstilling av bevegelsane i kontantrekneskapen, viser at rapporterte utgifter til drift og investeringar summerte seg til 470,7 millionar kroner, mens netto utgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen er på 536,4 millionar kroner. Mellomverande med statskassen utgjorde –9,37 millionar kroner i 2014.

Verksemdsrekneskap elles

Nasjonalbibliotekets verdi av varige driftsmidlar har auka med 6,2 millionar kroner frå 2013 og var i 2014 på 80,8 millionar kroner. Nærmare informasjon om tilgangar og avskrivningar går fram av note 4 og 5. Omløpsmidlane er reduserte med 2,5 millionar kroner frå 2013, noko som kjem av minking på balansekontoen «forskotsbetalte kostnader», sjå spesifikasjon i note 14.

Det var ein auke på anna kortsiktig gjeld med 1 million kroner. For spesifikasjon viser vi til note 18.

Elles viser vi til dei vedlagde oppstillingane og notane.

Tilleggsopplysningar

Nasjonalbiblioteket fekk 01.01.2014 ved verksemdsoverdraging tilført to verksemder: Norsk jazzarkiv og Norsk visearkiv. I tillegg blei Norsk folkemusikkarkiv overført frå Universitetet i Oslo til Nasjonalbiblioteket. Desse overføringane medfører ei endring på sju årsverk for Nasjonalbiblioteket.

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsmeldinga kjem truleg til å vere klar i løpet av første tertial 2015. Offentleg innsyn gjeld ikkje for meldinga før Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men meldinga vil bli publisert på nettsidene til Nasjonalbiblioteket så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 15.03.2015

Aslak Sira Myhre
direktør
Nasjonalbiblioteket

Prinsippnote til årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket

Årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer som er fastsette i føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå KUD i instruks om økonomistyring. Oppstillinga av løyvingssrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingssrapportering og ein nedre del som viser behaldningane Nasjonalbiblioteket står oppført med i kapitalrekneskapen.

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del, som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del, som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen.

Oppstillinga av artskontorrapporteringa og løyvingssrapporteringa er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis Nasjonalbiblioteket skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingssrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

På linje med alle statlege verksemder er Nasjonalbiblioteket knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.8.1. Nasjonalbiblioteket blir ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgangen til nytt år blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Løyvingssrapportering

Løyvingssrapporteringa viser rekneskapstal som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter kapitla og postane i løyvingssrekneskapen som Nasjonalbiblioteket har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle dei finansielle eigedelane og pliktene Nasjonalbiblioteket står oppført med i kapitalrekneskapen til staten. Kolonnen Samla tildeling viser kva Nasjonalbiblioteket har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet med tillegg og overførte midlar frå rekneskapsåret 2013 for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapportering

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstala Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Nasjonalbiblioteket har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga. Note 7 til artskontorrapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen.

Rapportering etter verksemdsrekneskap

Driftsresultatet for 2014 blei 1,5 millionar kroner, mot 10,4 millionar kroner året før. Årsaka til redusert overskot er ein større auke i driftskostnader (6 prosent) enn i driftsinntekter (4 prosent) frå 2013 til 2014. For driftskostnadene er det lønn og sosiale kostnader som har auka mest, sjå spesifikasjon i note 2. Ser vi bort frå inntekt frå løyving har driftsinntektene blitt reduserte med 2,8 millionar kroner frå året før. Det kjem av mindre inntekter frå sal av varer, sjå note 1. Notane 1–18 viser ei nærmare spesifisering av elementa i resultat- og balanserekneskapen.

Balanserekneskapen viser ein auke i eigedelar på 5 millionar kroner frå 2013. Av dette har anleggsmidlar auka med 8 millionar kroner, mens omløpsmidlar er reduserte med 2,5 millionar kroner. Auken på anleggsmidlar kjem av innkjøp av driftslausøyre, inventar o.l. (sjå note 5). Reduksjonen i omløpsmidlar skriv seg frå ein nedgang på andre fordringar. Forskotsbetalte kostnader er i null i 2014, mens dei var på 2,1 millionar kroner i 2013 (sjå note 14). På gjeldssida har anna kortsiktig gjeld auka med tilnærma 1 million kroner, noko som kan skrive seg frå anna gjeld til tilsette (sjå note 18). Auken kjem av at tapsutsette lån til personale blei rekneskapsførte i 2014, noko som tidlegare ikkje har vore tilfelle.

OPNINGSBALANSE

Ved utarbeidinga av opningsbalansen blei det lagt til grunn at bruksverdien basert på attkjopsverdien representerer verdien for fysiske eigedelar, mens den verkelege verdien blir brukt når det gjeld finansielle eigedelar. Ved fastsetjing av attkjopsverdien blei det teke omsyn til slitasje og elde, teknisk funksjonell standard og andre forhold som er viktige for verdifastsetjinga.

Alle immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar blei dokumenterte ved å vise til kjøpsdokument (faktura- eller bilagsnummer). Unntaket er delar av kontorinventar, som dels er berekna sjablongmessig, dels med tilhøyrande dokumentasjon/forklaring.

Finansieringa av anleggsmidlar (eksklusive finansielle anleggsmidlar) som blei inkluderte i opningsbalansen for første gong, blei klassifisert som ei langsiktig plikt. Denne plikta løyser seg opp i takt med avskrivninga på anleggsmidlane som finansieringa dekkjer.

For omløpsmidlar blei den verkelege verdien brukt som grunnlag for verdsetjinga. Omløpsmidlar, minus kortsiktig gjeld og eventuelle andre plikter, kjem fram som avrekning med statskassen.

TRANSAKSJONSBASERTE INNTEKTER

Transaksjonar er resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.

INNTEKTER FRÅ LØYVINGSFINANSIERTE AKTIVITETAR

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen. Ein stiller opp etter kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som Nasjonalbiblioteket har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og plikter som Nasjonalbiblioteket står oppført med i den statlege kapitalrekneskapen.

Løyvingar blir inntektsførte i den perioden då aktiviteten som løyvinga er meint å finansiere, er utført, det vil seie i den perioden kostnadene påløper. Ved avlegginga av årsrekneskapen er årets endelege løyving til drift inntektsført. Endeleg løyving til drift svarer til årets løyvingar. Ubrukt løyving som ikkje kan overførast til neste rekneskapsår, er ikkje inntektsført. Investeringsløyvingar er førte på rekneskapslinja «Ikkje inntektsført løyving» knytt til anleggsmidlar i balansen med det beløpet som faktisk er investert i rekneskapsperioden. Overførbar investeringsløyving blir ikkje inntektsført. Inntektsføring av investeringsløyving har skjedd i takt med avskrivningane av anleggsmidlane.

KOSTNADER

Kostnader som blir finansierte ved løyving, er rekneskapsførte i den perioden aktivitetane som løyvinga er føresett å finansiere, er utført.

PENSJONAR

SRS 25 legg til grunn ei forenkla rekneskapstilnærming til pensjonar. Det er derfor ikkje gjort berekning eller avsetjing for eventuell over-/underdekning i pensjonsordninga som svarer til NRS 6. Årets pensjonskostnad svarer derfor til det årlege premiebeløpet til Statens pensjonskasse (SPK). Nasjonalbiblioteket betaler ikkje premie til SPK. Premien blir dekt over sentralt kapittel i statsbudsjettet. I rekneskapen er ein sjablongmessig sats for pensjonspremieberekning lagd til grunn. I note 2 er ei meir detaljert beskriving av tilnæringsmetoden. I samsvar med SRS-ane er personal- og pensjonskostnader periodiserte på månadsbasis i 2014.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel / langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurdert til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskost minus avskrivningar og nedskrivne til verkeleg verdi ved eventuell bruksendring. I samsvar med SRS-ane skal aktivering av anleggsmidlar (immaterielle og varige) og avskrivningar på desse periodiserast på månadsbasis.

IMMATERIELLE EIGEDELAR

Eksternt innkjøpte immaterielle egedelar er balanseførte.

VARIGE DRIFTSMIDLAR

Varige driftsmidlar er balanseførte og avskrivne over den økonomiske levetida til driftsmidlane.

FINANSIERING AV PERIODISERTE POSTAR

Omløpsmidlar / kortsiktig gjeld

For Nasjonalbiblioteket gjeld følgjande: Nettobeløpet av alle balansepostar, med unntak av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar, har motpost i avrekning med statskassen. Avrekninga gir såleis eit uttrykk for statens eigarkapital når det gjeld kortsiktige postar og eventuelle finansielle anleggsmidlar.

Anleggsmidlar

Balanseført verdi av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar har motpost i rekneskapslinja «Ikkje inntektsført løyving» knytt til anleggsmidlar. Det representerer finansieringa av desse anleggsmidlane. Ved tilgang av immaterielle egedelar og varige driftsmidlar er innkjøpskostnaden balanseført. Samtidig har innkjøpskostnaden gått til reduksjon av resultatposten «Inntekt frå løyvingar» og til aukiing av balanseposten «Ikkje inntektsført løyving» knytt til anleggsmidlar. Avskrivning av anleggsmidlar er kostnadsført. I takt med gjennomført avskrivning er eit tilsvarande beløp inntektsført under «Inntekt frå løyving». Det er gjennomført ved at finansieringsposten «Ikkje inntektsført løyving» knytt til

anleggsmidler er oppløyst i takt med at anleggsmidelen er brukt i verksemda. *Konsekvensen av det er at avskrivningane har ein resultatnøytral effekt.*

Ved realisasjon/avgang av driftsmidler er gevinst/tap resultatført rekneskapsmessig. Gevinst/tap er berekna som forskjellen mellom salsvederlaget og den balanseførte verdien på realisasjonstidspunktet. Den resterande bokførte verdien av «Ikkje inntektsført løyving» knytt til anleggsmidelen på realisasjonstidspunktet er inntektsført.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg kan det for kundefordringar gjerast ei uspesifisert avsetjing for å dekkje berekna tap. Det er ikkje sett av til venta tap på fordringar i 2014. Nærmare spesifikasjon i note 13 Kundefordringar.

VALUTA

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte til kursen ved slutten av rekneskapsåret. Her er Noregs Banks daglege spotkurs ved slutten av rekneskapsåret lagd til grunn.

SJØLVASSURANDØRPRINSIPP

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er dermed ikkje inkludert postar i balansen eller resultatrekneskapan som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller plikter.

STATENS KONSERNKONTOORDNING

Nasjonalbiblioteket er omfatta av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane våre i Noregs Bank.

Nasjonalbiblioteket blir ikkje tilført likvidar gjennom året. Nasjonalbiblioteket har ein trekkrett på konsernkonto som svarer til netto løyving. Forskjellen mellom inntektsført løyving og netto trekk på konsernkontoen inngår i avrekning med statskassen. Ved slutten av året gjeld særskilde reglar for oppgjær / overføring av mellomverande. For Nasjonalbiblioteket blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen i Noregs Bank ved overgangen til nytt rekneskapsår.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd i samsvar med «den direkte modellen for bruttobudsjetterte verksemdar».